



Busetting av flyktningar



Prosjektbakgrunn:

I tråd med regjeringa sin nasjonale strategi for bustadsosialt arbeid, vedtok Eid kommunestyre i 2013 ein **bustadsosial handlingsplan**. Planen har målsetjing om systematisk, langsiktig og målretta tiltak for å kunne tilby bustader til grupper som har vanskar med å skaffe seg bustad sjølve. God bustadfordeling er ein føresetnad for at alle innbyggjarar skal kunne bu trygt og godt, uavhengig av sosiale, helsemessige eller økonomiske føresetnader.

Eit viktig mål for bustadsosialt arbeid er ei variert lokalisering av bustadane, slik at flest mogeleg skal kunne bu i ordinære bustader og vere ein del av det vanlege bumiljøet.

"Alle skal kunne bu trygt og godt"

Bustadsosial handlingsplan

Messa - busetting

Den nye kommunale bustaden v/Messehagen er no i ferd med å bli ferdigstilt og klargjort for innflytting – og seks nye innbyggjarar ser fram til å få ein heim, og ein trygg og god kvardag her på Eid.

Flyktningane som flyttar inn i Messa har alle vore i mottak ein lengre periode, og er godt i gang med å lære seg norsk. Alle som blir busett har fått opphaldsløyve og er klare for å etablere seg med fast bustad og ei framtid her i kommuna.

Messehagen består av totalt 4 leilegheiter med kjøkken, stove og 2 soverom. 3 av leilegheitene vil bli busett ila hausten, og dei fyrste vil vere på plass i slutten av veke 42.

Kvar av leilegheitene er tilpassa to bebuarar. I den eine vil to einslege damer frå Somalia og Eritrea flytte inn. Desse kjem frå flyktningmottaket i Årdal. To einslege menn frå Eritrea (25 og 30 år) frå mottaket på Jølster og to flyktningar frå Syria skal dele kvar si leilegheit. Det er ikkje avklart om dei frå Syria blir eit par eller to einslege. Den siste leilegheita er foreløpig ikkje tildelt.

Flyktningane som kjem gleder seg til å komme på plass og bli kjende med sin nye kvardag her på Eid. Fleire av dei har mange år med skule frå heimlandet og har allereie lært ein god del norsk.

Flyktningtenesta i Eid kommune har ansvar for busetting og oppfølging av flyktningane som kjem; ta dei i mot og

hjelpe dei i etableringsfasen slik at prosessen skal bli best mogleg. Målet er å gje flyktningane ein god start på sitt nye tilvære. Skape økonomisk og sosial tryggleik, samt høve til å kvalifisere seg for arbeid eller utdanning.

Straks flyktningane er på plass og har kome seg i orden i den nye heimen, startar dei opp på eit introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet skal gje flyktningane grunnleggjande ferdigheiter i norsk, gje grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv, og forberede dei på deltakelse i yrkeslivet. Introduksjonsprogrammet er eit heilvekers- og heilårleg kvalifiseringsprogram som går over 2 år, i tett samarbeid med vaksenopplæringa og NAV. Kvalifiseringsløpet skal liggje så nær opp til normalarbeidsdagen og arbeidslivet sine reglar som mogleg. I tillegg til dette får flyktningane tilbod om frivillige aktivitetar som handtverk, symjing m.m.

Flyktningtenesta har også ei fadderordning og tek imot hjelp og bistand frå lokalmiljøet knytt opp mot dei flyktningane som kommunen tek i mot. Det kan vere så enkelt som å gå på besøk, ta nokon med på tur/aktivitet, lære vekk ting, prate saman, eller vere hjelpelærar for barna. Rett og slett ting som gjer det enklare for den nybusette å bli ein del av lokalsamfunnet.

Eid kommune har ei målsetjing om å busette i snitt 30 flyktningar per år, inkludert familiegjenforeining. I tillegg er det vedtatt å ta imot 4 ekstra i 2015 grunna krisa i Syria.

Det følgjer ekstra statlege tilskot med busetting av flyktningar. Desse tilskota dekkjer både opplæring og anna aktivitet, stillingar i flyktningteneste, finansiering av bustader samt styrka ressursar i skule og barnehage.

Avdelingsleiar for flyktningtenesta og vaksenopplæringa i Eid kommune er Rune Engeseth.

Har du spørsmål, ta kontakt!

Prosjekt: Messa

Roger Oppedal, prosjektleiar Eid kommune
Tlf 971 97 642
roger.oppedal@eid.kommune.no

Flyktningtenesta Eid kommune:

Rune Engeseth, avdelingsleiar i Eid kommune
Tlf 922 36 743
rune.engeseth@eid.kommune.no



Eid kommune

